

Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Dykkar ref.:

Vår ref.:
20/4477 - 43 / CMS

Dato:
28.04.2022

Søknad om dispensasjon til rammeløyve til oppføring av nedbrent våningshus

Austrheim kommune har motteke ein søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel til oppføring av ein nedbrent husmannsstove. Det søkast også om dispensasjon frå 4-meters grensa til naboeigedomen jf. pbl. § 29-4 annet ledd. Det er ca 2 meter frå omsøkt bygg til nabogrensa. Omsøkte tiltak ligg i område avsett til LNFR i kommuneplanen(2019-2029), **Plan-id: 2013001**.

Bygget er opphavleg frå slutten av 1700-talet og brann ned i august 2016. Det var mistanke om at brannen var tent på, men saken vert lagt bort av politiet.

Same søknad vert tidlegare avgjort hjå Statsforvalteren i Vestland, kor Statsforvalteren oppheva kommunens løyve til dispensasjon. Grunngevinga vart manglande privatrettslege rettigheit, jf pbl. § 21-6. No har dette endra seg i og med at søkar har kjøpt eigedomen som grunnmuren står på.

I dag står berre grunnmuren igjen etter brannen frå 2016. Denne er det planlagt å bruke til å bygge opp att huset i sin originale form.

Fylkeskonservatoren har uttrykt ønske om gjenoppbygging av huset. I åra før huset brann ned ble huset restaurert med større frå Hordaland fylkeskommune. Vindauga som er løyvde gjennom tilskot frå Fylkestinget vart ikkje sett inn før brannen. Dei står på lager og klar til å brukast ved gjenoppføring av bygget.

Huset vil ikkje ha innlagt straum og det er planlagt med sisterne for oppsamling av regnvatn frå taket og bio-toalett.


Bygget vil ikkje ligge i strandsona, og det er tiltenkt att tilkomst skal skje gjennom båt. Det føreligg gangrett frå sjø til det omsøkte tiltakets hus. Det føreligg og gangrett frå fylkesveg til omsøkt eigedom.




Oversikt over område:



Ruinane etter brannen ligg ved talet 1700 – ope til venstre på bilete.



Utsnitt fra kommuneplanens arealdel. Omsøkte område ligg i LNFR-område.



Andre relevante grenser er teikna med avstand til nabogrensa, naboeigedom, veg og høyspentledning

Grunngivinga for søknaden ligg naturleg i at «Kristianhuset» vart tent på og brann ned. Søkjar har eit sterkt ynskje om å byggje opp igjen i tråd med det gamle. For nærare grunngiving vises det til søknaden i sin heilheit.

Kommunen still seg positiv til dispensasjonssøknaden, særleg grunna den sterke kulturhistoriske verdi av husmannsplassen.

Austrheim Kommune ber om at ein eventuell uttale frå dykk til dispensasjonssøknaden kjem inn i løpet av fire veker. Ta gjerne kontakt med underteikna om de har spørsmål i saka.

Med helsing

Christopher Marius Straumøy
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Vedlegg:

Kulturminnefagleg fråsegn

Kontrakt

Nabovarsel

Kart

Byggesøknad - gbnr 156/29

Byggesøknad - gbnr 152/29 - gjenoppbygging av husmannsstove

12-2022-04-06_Nabovarsel from Jan Nordø

11-July 2004 Snekkevik Cabin Meeting Minutes_

10-2022-02-15_Grunnboksutskrift gnr 152 bnr 29 - Nordø(5927786.1)_

9-2012-05-22_Per Nordø Letter May 22 2012_

8-1980-09-19_Original Purchase Contract Daae 1966

7-1998-08-07_Arnum Letter 08-07-1998_

6-2022-04-16_Jan Nordø Letter_Access Over 152-11_April-2022

5-1995-08-09_Norges Takseringsforbund

4-BKK

3-1998-05-06 Kristiannaustet Leieavtale-Leiekontrakt_

2-1999-01-26_Kontrakt for Gangsti til VIKEBU

1-1998 Affidavit re Kristianhuset & Vikabu

2022-04-19_Nabovarsel Response to Jan Nordø_rev

Gjenoppbygging av lemstove (Kristianhuset) frå slutten av 1700-tallet på eksisterende grunnmur og ingangsposti etter brann i 2016

Vedlegg - Naustet i Snekkevika - frå Museumsenteret

Vedlegg - Brev frå Malvin okt. 1999

Vedlegg - Brev frå Malvin des. 1999

Kommentarar til merknader til nabovarsel ang. Kristianhuset - gbnr 152/29

Oversendingsmail - Kommentarar til merknader til nabovarsel ang. Kristianhuset - gbnr 152/29

Dokumentasjon - rettigheter 2

Dokumentasjon - rettigheter 1

Kart 3

Kart 2

Rekonstruksjon av Kristianhuset - Museumssenteret i Hordaland

Kart 1

Bilder av vindu

Bilder av branntomten

Bilder av huset

Kostnadsoverslag frå Museumssenteret i Hordaland

Vedlegg:

Søknad om gjenoppbygging av Kristianhuset

Mottakere:

Statsforvaltaren i Vestland
Vestland Fylkeskommune

Njøsavegen 2
Postboks 7900

6863
5020

LEIKANGER
Bergen